

Hemmeleg 9. trinn

Rykte og ryktespreiing

| Viser på skjermen: | I timen: |
|--------------------|--|
| | Start med å sjå denne Ikke kall meg hore MUSIKKVIDEO ft. Jenny Evensen og Eline Hedum Andersen fra Lik Meg - YouTube |
| | La elevane snakke med kvarandre to og to: Rykte, sladder og baksnakking gjør vondt for den det går ut over, det er noko alle veit. Kvifor er det likevel så mykje av slikt? |
| | Sjå denne filmen som handlar om ryktespreiing: Tonje og Martin deler: - Folk har spredd rykter om meg (youtube.com) |
| | <p>Sokrates trippelfiltertest Fortel til elevane:</p> <p>Sokrates var ein av verdens mest berømte filosofar. Han levde i Hellas i 469-399 f.kr. Sokrates brukte å gå rundt og snakke med folk og få dei til å tenke på nye måtar. Ei av historiene frå Sokrates sine samtalar, handlar om rykte, og er nok like relevant for oss i dag som då.</p> <p>Sokrates møtte ein som ville fortelje han noko om ein dei begge kjente, men før han fekk fortelje stoppa Sokrates han og sa: «Før du fortel meg det du har tenkt å sei vil eg at du let dette passere gjennom ein liten test – ein trippelfilter-test.</p> <p>Det første filteret er: Er du sikker på at det du skal seie er sant? Nei? Er det berre noko du har høyrt?</p> <p>Det andre filteret er: Har du vurdert om det du skal sei er snilt eller godt? Eller har du tenkt å fortelje meg noko du ikkje veit er sant, og som heller ikkje er snilt eller godt?</p> <p>Då må det i så fall passere filter 3: Er dette nyttig for meg å vite? Dersom det kanskje ikkje er sant, og det heller ikkje er snilt – kva nytte har eg av å høre det?»</p> <p>Forklar elevane at vi ofte kan fortelje vidare rykte, sjølv om dei ikkje passerer denne testen, fordi vi brukar det for å vere interessante. Mange synes rykte er spennande, og det å dele rykte kan virke som ei investering i å bli opplevd som interessant og spanande sjølv. Ved å fortelje rykte, brukar vi altså noko som er vondt for den det gjeld, som betaling for å bli sett på som spanande sjølv for andre. Nokon andre betaler prisen, og vi får gevinsten.</p> <p>La elevane snakke litt med kvarandre, eller snakk saman i klassa: – Er trippelfiltertesten framleis smart å bruke?</p> <p>Du kan gjerne minne elevane om at dei fleste heller vil vere saman med folk som er interesserte enn interessante. Det å vise interesse for den du er saman med, lytte, bekrefte, stille oppfølgingsspørsmål – er mykje betre enn å fortelje rykte om andre for å vere interessant.</p> |

| | |
|--|--|
| | <p>Sjå filmen Ikke alltid lett, men vær modig! - YouTube</p> |
| <p>KVA KAN RYKTE FØRE TIL FOR KVEN?</p> <p>Denne leiken spør om hvilken som kan føre til at det blir skremmende.</p> <p>Det er mange ulike følelser:</p> <ul style="list-style-type: none"> Stress Angst Bekymring Forvirring Uro Angry Frustasjon Vile Modig | <p>Kva kan rykte føre til for kven?</p> <p>La elevane jobbe saman i gruppe, kvar gruppe får eitt ark. Dei skal setje strekar frå figurane i ulike situasjoner og dei ulike hjarta med følelsar. Kvar situasjon kan føre til mange ulike strekar.</p> |
| <p>«Eg trur ikke dette er helt sant»</p> <p>Korleis stoppe rykte?</p> <p>«Har du ikke snakka om folk som ikke er her, eller heller ikke om folk som ikke er her?»</p> <p>«Høyr personen og dratt snakka om henne»</p> <p>«Kanskje vi heller skal snakke med folk vi ikke kjenner?»</p> <p>«Eg er ikke så glad i å slutter egne»</p> | <p>Korleis stoppe rykte?</p> <p>La elevane snakke litt med kvarandre om desse alternativa og finne ein eller fleire kvar som kan fungere for seg. Eventuelt kome på andre måtar å stoppe rykte på. For dei som ikkje greier å seie noko konkret for å stoppe rykte, er det også bra å forsøke å avleie med å snakke om noko anna, ikkje vise interesse for ryktet, og i alle fall ikkje spreie det vidare.</p> |
| <p>Det heter ikke å snitche</p> <p>snitch</p> | <p>Snitch – introduser og sjå filmen Det heter ikke å snitche - YouTube</p> |
| <p>Kva er forskjellen på å snitche og å varsle/fortelje?</p> | <p>Kva er forskjellen på å snitche og å varsle/å fortelje?</p> |
| <p>Kva kan ungdom og voksne gjøre for at det skal vere mogleg å fortelje om det som er skummelt, ulovleg eller farleg?</p> | <p>Kva kan ungdom og voksne gjøre for at det skal kunne vere mogleg for ungdom å ta ansvar for å beskytte seg sjølv og andre ved å fortelje om ting som er skummelt, ulovleg eller farleg?</p> |
| <p>Kjenner du skam?</p> | <p>I løpet av timen, eller månaden, er det fint om elevane får sjå denne filmen og gjere denne øvinga. Skam er diverre ein følelse mange menneske har litt mykje av, og det kan vere lurt å kunne litt om den: Kjenner du skam? (youtube.com)</p> |
| <p>Jobbe vidare?</p> <ul style="list-style-type: none"> Bruk opplegget frå politiet: Deling av voldsvideoer – Politiet.no | |